

VINJE KOMMUNE

Vinjevegen 192

3890 VINJE

Dykkar ref:

Vår ref: 2025/261257

Dato: 26.11.2025

Mattilsynets innspel til høyring av planprogram og oppstart av planarbeid for naturmangfald – Vinje kommune

Vi viser til høyring av planprogram og oppstart av kommunedelplan (KDP) naturmangfald, dykkar referanse 2025/896-19.

Rolla vår

Mattilsynet er statleg sektormyndigheit for områda planter, fisk, dyr, mat og drikkevatn. Som høyringsinstans har vi i oppgåve å bidra til å ta vare på nasjonale og regionale interesser innanfor våre forvaltningsområde.

Mattilsynets forventingar til vidare planarbeid

Mattilsynet forventar at planprogrammet varetek Mattilsynet sine sektorområde for plantar, fisk, dyr, mat og drikkevatn i vidare planprosessar. Naturområde må forvaltast slik at dei tek vare på drikkevatn, matproduksjon, helse og velferd hos fisk og dyr.

Vassforsyning

Vårt ansvarsområde er å beskytte eksisterande og framtidige drikkevasskjelder, og å sikre trygt og nok drikkevatn til innbyggjarane. Vi må basere oss på ein føre-var-tilnærming for å beskytte drikkevasskjeldene på kort og lang sikt. Drikkevasskjeldene er ein avgrensa ressurs vi må ta vare på.

Drikkevassforsyninga er kritisk infrastruktur som samfunnet er avhengig av for å vareta grunnleggande behov og for å oppretthalde funksjonalitet.

Areal for etablering av til dømes vindkraft, solkraft, batterifabrikkar, CO2-anlegg, forbrenningsanlegg/gjenvinningsanlegg og anna forureinande aktivitet må ikkje komme i konflikt med areal som er avsette til vern av nedbørsfelt og vassforsyningsområde.

Kommunens overordna risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) skal vareta tryggleiken i drikkevassforsyninga, her viser vi til nasjonale mål for vatn og helse nr. 11. I ROS må det også takast høgde for konsekvensane utbygging kan få. Forureining av drikkevatn og bortfall av vatn fører til risiko for liv og helse, og kan få store konsekvensar for samfunnet.

Samfunnssikkerheita er avhengig av ei tilfredsstillande drikkevassforsyning. Her viser vi til dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2023–2027. «6.4 Reint og trygt drikkevatn. Kommunane har ansvar for å sikre hushaldningane og næringslivet tilgang på tilstrekkelege mengder helsemessig trygt drikkevatn. Dette er ein føresetnad for god helse og eit velfungerande samfunn.»

Helse og velferd hos fisk og dyr

Nedbygging av viktige område for dyr kan føre til stress og dårlegare levekår for dyra. Bevaring av naturområde som fungerer som habitat, beiteområde og trekkvegar, er viktig for å sikre god dyrevelferd. Landbruk og matproduksjon må sikrast i planarbeid, og naturområde må forvaltast slik at helsa og velferda hos fisk og dyr er ivareteke.

Med helsing

Mattilsynet, tilsynet

Eli Marie Thompson
seniorinspektør

Jorunn Aasgaard Grini
avdelingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved

Kopi til:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK